

88. ¹ Tone: Ja vi elsker dette landet

Bonde iblandt mange songer hev du ingjen song
Som kan livja upp dei trongar du hev mangengong
Tungt aa trongt du slit aa slæpa, trøytnar til kvar dag
Sut aa strid aa *tyngslur* drepa vil dei friske drag

Bonde millom fjell aa dalar, myllum nut aa skjær
Bonde myllum kyr aa smalar myllum fiskefær
Bonde myllum alt so leve aa so leva kan
Bonde myllum heila stræve grepa bondemann.

Norske bonde kjernen av vor folkefær.
Norske kvinna du er stjernen, mykkje vyrdna verd.
Ljos aa reinleik kan du finna dine ideal,
Lysar klaart me kunne vinna det me vinna skal.

Bondemann aa bondekvinna, landets kraft aa merg
Elsk aa vyrd i dykk me finna tru som stein aa berg.
Bondens alvor faar ein røynd trutt han helde fritt
Fædrearven vil han gøyma, best seg sjølv han lit.

Bonden jamleg verte narra ipp i straa aa stry.
Slemme slue *janusklarra* baa i by baa i bygd aa by
Feite ord aa gilda skryte, *vyrk* for bonden daa
Men naar ein faar *matebyte*, *skrapeskap* me sjaa

Bond kom me rista taa os, utan harm aa graat
Snyltedyr so knaga paa os styggedom da aat
Her er no ei fæla søla , sandt det gjeng paa ska
Her maa til ei grepa vøla, skal vort folk besta.

Bonden er det so maa berga, det me leva taa
Bonden er det so maa verja naar det røyne paa
Bondemannen hev den æra, alti vore stort
Bondenamne vil me bera, so me heve gjort.

Bonde det er husbondsnamne uti norrigs land.
Derfor maa me allesamne elska det me kan
Elska alle dei so stæva trutt for folk aa land
Elska Gud som let os leva norrigs bondestand.